

Nyheitsbrev

August 2024

Til frivillige lag og organisasjonar i Ål kommune

Fritidsmesse 28. september 2024 - Meld deg på!

Me vil fylle fritidmessa med aktivitetar, underhaldning og ablegøyer! Sjølve messa går føre seg utandørs frå Myren til Kulturhuset. Inne på kulturhuset blir det "Vår verden" og i Myren og på Ålingen blir det haustmarknad.

Me håpar alle organisasjonar og arrangører har lyst til å vere med.

[Meld deg på og registrer din organisasjon i dette skjemaet innan 2. september.](#)

Påmeldte vil få meir informasjon via e-post.

"Jeg har vært så heldig å få samarbeide med frivilligheten, idretten, kulturen, arrangementa og administrasjonen i Ål de siste fem åra. Det har vært spennende, utfordrende, morsomt og lærerikt. Vi har fått til mye sammen, men dere er jammen gode hver for dere også! Jeg er mektig imponert over innsatsen, dugnadsviljen og engasjementet i frivillig sektor. Dere er gode! Nå bærer det nye veier for meg og jeg takker for tillit og godt samarbeid, og at jeg har fått muligheten til å bli kjent med så mange flotte folk. Jeg ønsker organisasjonene, kultursjefen og den nye kultur- og idrettskonsulenten masse lykke til videre. Det er sammen man er best - heia frivilligheten!"

Hilsen Kristine Myro-Kapperud

SPELEMIDDEL TIL ANLEGG FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET

Bli med på spelemiddelkurs på teams. [Meir info og påmelding her.](#)

Måndag 26. august, kl. 18:00 – 21:00 (friluftslivsanlegg)

Torsdag 29. august, kl. 18:00 – 21:00 (idrettsanlegg)

Søknadsfrist for spelemiddel er **1. oktober** i [anleggsregisteret](#).

Hugs å setje deg godt inn i «[Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet](#)»

Det er berre anlegg på den prioriterte anleggslista per august 2024 som kan søke spelemiddel denne runden.

Svar på søknaden får du i juni 2025. Det kan ta nokre år frå fyrste søknad til tildeling, men hugs at du kan søke forskottering dersom søknaden vert godkjent fyrste søknadsår.

Kultur- og likestillingsdepartementet har sendt ut forslag til endringar i spelemiddelordninga for anlegg til idrett og fysisk aktivitet på høring. Høyringsfristen er 20. september. [Les meir her.](#)

SØKNADSFRISTAR EKSTERNE TILSKOT:

15. aug	Musikkfestivaler
01. sep	Aktiv fritid for alle
01. sep	Kulturrom
01. sep	Sparebankstiftelsen DNB
02. sep	Momskompensasjon
03. sep	Norsk Kulturfond
03. sep	Fond for lyd og bilete
03. sep	Amatørteater
11. sep	Straumstøtte
15. sep	Aktivitetsmidlar kor
15. sep	BUFDIR barn og unge
07. okt	TRAFO prosjektstøtte unge kunstnarar
01. nov	DAM idrett, helse og utvikling
01. des	Sparebankstiftelsen DNB
01. des	Momskompensasjon idrettsanlegg

Løpande	Frifond
Løpande	Flyktningar i idretten
Løpande	DAM
Løpande	Olav Thon Stiftelsen
Løpande	Sparebankstiftelsen Hallingdal

POLITISK ARBEID HAUSTEN 2024

Budsjettprosessen i Ål kommune startar i september. Behov og innkomne saker vert vurdert av administrasjonen i relevant avdeling, som innstiller på forslag til budsjett medio september. Politikarane vedtek endeleg budsjett i desember. Har du ei sak du brenn for må du gjerne ta kontakt med oss.

NY KULTUR- OG IDRETTSKONSULENT

Ål kommune har tilsett ny kultur- og idrettskonsulent som overtek etter Kristine Myro-Kapperud allereie 23. september.

TILSKOT TRENAR-/LEIARUTDANNING I IDRETTE

Ål idrettsråd innfører søknadsfrist på tilskot til leiar- og trenarutdanning. Idrettslag i Ål kan søke idrettsrådet om å få refundert utgifter til utdanning/kompetanseheving. Søknadsfristen er **15. desember**. Hugs å legge ved dokumentasjon på kostnader. Søknaden sendast til postmottak@aal.kommune.no.

DETTE SKJER!

16. - 18. august
Ål Cup Fotball

25. august
Knøttecup Torpo

31. aug - 8. sep
Friluftslivets uke

28. september
Haustmarknad
Fritidsmesse
Vår verden

18. - 20. oktober
Storhelg i Hallingdal

Sjå fleire, og registrer ditt arrangement på kvaskjer.hallingdal.no og i Ål-appen

